

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Foldereid

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: P. Jæger-Leirvik

Gard:

(adresse): Sjølstad

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Denne oppskrifta er etter opplysningar av ymse pålitande heimelsmenn i bygda og etter eiga røynsle, -opprinneleg samla til eigne oppskrifter om bufe, foring og avdrått i Foldereid.

Skav har her i bygda vore nytta som hjelpefor i dårlege høyår frå gamal tid og til for 20-30 år sidan. No er det berre på ein einaste liten avbølt gard dei brukar litt skav til geitene. Det har truleg aldri vore ålment å bruke skav til ~~gast~~ årviss foring her, enda det har vore gardar som har gjort det og. Hos Haagen Bach, Foldereid (1870-1914) brukte dei årvisst å skava 50-60 lass rognskav til ein buskap på 7-8 mjølkekyr og kring 20 sauer. Men dette er eit tilfelle som ikkje har mæke her i bygda. Enda mindre nytta til for her var bar og beit. Det var berre ved forløyse utpå våren at dei tok til det for å berge fram buskapen på ei vis.

1) Noko samnamn for alle hjelpeforslag hadde dei ikkje. Skav var "skav" og låg i medvetet høgare enn anna hjelpefor, som hadde samnamnet "dråss".

3) Gjærningsordet skava vart böygd slik: Skevva

skev, skov, skövvi.

6) Her i bygda var det rogn som vart "skövvi" til fór for ku, sau og geit. Andre treslag vart ikkje nytta til det. Berre til unghest brukte dei litt borkmjöl av osp, meir som medisin enn som for. Dei snakka også om "skav" og "skavskog", og meinte da alltid rogn.

7) Her er ikkje kjent noko rim som fortel om godleiken av dei ymse treslag til skav.

8) Heile buskapen - utanom hesten - fekk skav når det vart fora noko som var. Men det var ikkje uvanleg at det vart brukt litt skav utan at det var nødvendig til forbergning. Dei tykte krötera hadde godt av det. Skavforinga tok jamnast til utpå etterjulsvinteren når det gjekk opp for folk at det vart lite om höy. Dei fleste fora da skavet utan å blande det med noko. Men det var og mange som slo vatn over skavet (laga laug) og så slo både skav og laug på stampar med halmhakk, ^{agner,} höyfrö e.l.

9) Det var vanleg meining at det vart meir mjölk når dei fora med skav. Men ein må da ta med i rekinga at skavet jamnast kom inn i foringa når det var for lite av anna for. At rjomen vart stivare og mjölk, rjome og smör gulare ved skavforing, er heilt visst. Og dyra vart beinsterke og blanke i holda, fordi skav er rikt på mineraler. Beisk smak på mjölka av skavforing har eg ikkje höyrd om, derimot brukte dei skav til råd mot beisk mjölk.

10) Når dei skulle ha heim skav, reiste dei eins erend åt skavskogen, og köyrde da gjerne heim fleire lass medan dei heldt på.- Tilhesjeved har

det aldri vøre nytta lauvved her, berre gran.

11) Henting av skav kalla dei berre å vera i "skavskojen", og det dei henta heim kalla dei "skav".

Gjerningsordet "marka" er ukjent her.

14) Det er ikkje rekna for verre arbeid å hente heim skav enn ånna skogsarbeid, heller omvendt.- Nokon skikk med skavhenting langfredag har her aldri vore. Dei rekna det heller for vanstell dersom det laut skavast - og enda meir hantast skav or marka - ein helge- eller høgtidsdag. Dette hende på ein gard i 1902, og vart tala om som vanstell lenge etter. Som form for kristentru vilde det ikkje høvd inn i dei ymse kristenskikkar eller langfredagsskikkar som er kjent her frå dei siste par hundrad år.

15) Dei heldt vanlegvis til i kjøkenet eller daglegstova med skavinga. Men det var og ein gamal skikk at dei skov i skogen. Da gjorde dei opp eld som dei sat attmed og skov, og kasta dei avskovne kjeppane på varmen.

16-19) Dei skov med tollekniven og heldt skavkjeppen i handa. Tjukke kjeppar stødde dei nedpå låret. Annan reidskap brukte dei ikkje her i bygda. Berre derdom ~~dei~~ dei skov av rogn som skulle brukast til gagnstre som ski, meiar, skjeker o.l., brukte dei vanleg bandkniv med skaft på bae endane.- Ordet "skavhæl" er ukjent her.

20-21) Veden som dei skev, kallar dei "skav" for han er avskoven, og "skjevvel" etterpå. Sjølve borken er og "skav", men dei einskilde små borkbitane er "sjövå" (ei skavsjöv).

22) Dei vilde helst ha tynne kjeppar av ung rogn

med tynn bork til skav. Men der det var lite om slik skog, brukte dei og grovare ved. Dersom kvar kjepp vart så tjukk som 4-5 tommar, vart dei kløyvd i 2 eller 4. Tynne kjeppar vart gjerne kappi i dubbel brennved-lengd for å vera snarare å skeva, men dei tjukke vart kappar ferdig til omnsved.

23) Anten kjeppane var tjukke eller tynne kalla dei det "skjevvel" (ein skjevvel, fleire skjevla)

24) Det skulde skavast tynnt og fint, men dei tok borken heilt inntil veden. Noko av veden vilde dei ikkje ha med. - Det var stor skilnad på kor flinke folk var til å skava, og kyrne tok fin-skove skav betre enn gropskove.

25) Skjevveln nytta dei til mysukoking og til baksteved, og elles til slikt som det trengdest jamn og god varme. Derfor la dei skjevveln til tork, og brukte' n først når'n var tör, helst andre vinteren.
